

Mamma er best

Björk Bjarkadóttir



≡◀▶▶▶

Olav er to år. Han har ei snill mamma
med eit stort, mjukt fang. Der er det
godt å sitje og lese bok.





Det har skjedd noko mystisk! Mamma har plutseleg fått diger mage. Det er ikkje plass til Olai på fanget hennar meir.

Olai blir sint. Han bestemmer seg for å finne seg ei ny mamma.



Kanskje ei stripete tigmamma som
sleiker han frå topp til tå?

Nei takk. Olai er redd for den svære
tigerkjeften.







Kva med ei snill og godmodig kumamma
som er proppfull av mjølk?

Nei, Olai vil ikkje drikke mjølk frå
ein spene!

Men ei elefantmamma, då? Ei som er
kjempestor og kan sprute vatn på Olai
med snabelen?

Nei, kanskje ikkje. Spruten er altfor sterk
for Olai. Tenk om han ramlar over ende!



